

# Retningslinjer frå Fylkesmannen i Rogaland - Omdisponering av skogareal til jordbruksformål

Dato: 07.08.2012

## Innleiing

Kvart år går relativt store skogareal ut av produksjon. Storparten av dette arealet blir oppgitt å vere omdisponering til jordbruksformål. Dette er som regel gode areal anten til jord- eller skogproduksjon.

Vi observerer ofte at omdisponeringa ikkje er reell. Arealet blir gjerne liggjande brakk utan tilfredstillande produksjon verken til jordbruks- eller skogbruksformål. For å unngå at dette blir ein lettvindt måte å omgå regelverket om foryngingsplikta på, må det stillast klare krav både til kvaliteten på jordbruksarealet og til tidsfristar for omdisponering.

Vi vil i dette skrivet gi nokre retningslinjer for korleis slike saker best kan praktiserast ut frå gjeldande regelverk, og for å sikre at kommunane har sanksjonar dersom hogstfeltet/skogarealet ikkje utviklast til tilfredstillande jordbruksareal innan gitte fristar.

## Regelverket

Lovverket i dag er slik at det ikkje er noko krav om søknad for omdisponering av skogareal til jordbruksformål. For nydyrking må det søkjast om løyve etter jordlova. Ein hogst utløyser automatisk foryngingsplikt etter skogbrukslova § 6 og forskrift om berekraftig skogbruk (berekraftforskrifta) §§ 6-8. Normalt er det ein frist på 3 år for å få sett arealet i skogproduksjon. For å utsette fristen om foryngingsplikt er det i dag eit krav om eigen søknad, og det kan maksimalt gjevast frist på 5 år.

Eit hogstareal er eit skogareal inntil det er godkjent til noko anna, og som betyr at reglane etter skogbrukslova gjeld.

For beite/fulldyrka jord som ikkje held krava til jordbruksproduksjon innan tre år, og som er til hinder for etablering av ny skog etter at det er gått 3 år, krev tiltaket søknad om dispensasjon frå foryngingsplikta jf. § 16 i "Berekraftforskrifta".

I forhold til krav om produksjon går det fram av formålsparagrafen i jordlova (§ 1) og driveplikt § 8 tredje ledd at arealet må ha ein tilfredstillande produksjon. Dersom arealet ikkje blir drive, kan eigaren påleggjast å tilplanta arealet med skog.

## Krav og praktisk handtering av omdisponering frå skog til jordbruksareal

For at omdisponering frå skog til jordbruksareal skal kunne godkjennast av kommunen, må følgjande krav leggjast til grunn:

1. Det må liggje føre eit dokumentert behov for auka jordbruksareal på eigedommen
2. Arealet må vere eigna til jordbruksareal, inkl. beite, frå naturen si side
3. Krav til grasdekke\*, rydding av hogstavfall og inngjerding etter retningslinjer for arealtilskot/beitetilskot til innmarksbeite må vere oppfylt innan 3 år
4. Det skal gå fram av AR5-kartbasen at arealstatus er endra frå skogareal til jordbruksareal (innmarksbeite/dyrka).

Dersom eitt, eller fleire av desse krava ikkje er innfridde, gjeld foryngingsplikta etter skogbrukslova. Dersom kravet til produksjon etter retningslinjer for arealtilskot til innmarksbeite, ikkje er innfridd innan 3 år, må det søkjast dispensasjon frå foryngingsplikta og om forlenging av fristen for å få sett arealet i tilfredstillande produksjon - maksimalt 5 år.

(\*Kravet til grasdekke er minimum 50 % grasartar og/eller beitetolande urter).

**Omdisponering til søknadspliktige formål (nydyrking, bustad, vegline, m.m.)**

For nydyrking må plan vere godkjent innan 3 år. Ein bør normalt vere godt i gong med oppdyrking etter 3 år. For bustad, veglinje m.m. må reguleringsplan/planstatus vere endra/ferdig i løpet av 3 år. Dersom godkjente løyver ikkje er på plass innan 3 år, må det også i desse tilfella søkjast om dispensasjon frå foryngingsplikta.